

NVE

Grinde den 15 juli 2015

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

# 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk–Frøyset transformatorstasjon

Saksnummer: 201502028

Tiltakshaver: ZEPHYR AS

Fylke: Hordaland,Sogn og Fjordane

Kommune: Masfjorden,Gulen

Vi syner til NVE sitt høyringsbrev frå 30.04.2015 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har fått tilsendt i papirformat frå Unni Kolberg Zephyr AS. Fråsegna er mellom anna basert på søknaden, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om og bruk av området.

## **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Omsøkte kraftledning ligg i Gulen og Masfjorden kommune i Sogn og Fjordane Turlag og Nordhordland Turlag (<https://nordhordland.turistforeningen.no/>) sitt virkeområde

I denne saka har vi og samarbeida med Nordhordland Turlag, Masfjorden.

## **Om friluftsliv i området:**

Gulen kommune er delt av fleire fjorder. Kommunen har 4 ungdomskulekrinser her bur det knapt 2000 menneske. Kvar region har sitt eige nærområde til turaktivitetar, sommer som vinter. Kjellby er godt eigna til «vinterbruk» slake snaue beiteområde litt høgtliggjande og med godt snødekke er kjerneområde for skuleklasser til bruk på skidagar skulene arrangerer, når føreforhold er optimale. Området har ei rik historie og ferdselsårene nord sør over land, sommerstid, var gjerne via Myrdalen og Kjellby, dette vert dokumentert rikeleg av andre. Området det no er søkt om konsesjon til for kraftledning er det siste virkeleg urørte (Fossdalen) og Kjellby-Myrdalen område i regionen mellom Sognefjorden og Masfjorden. (her ligg og det verna Ynnesdalsvassdraget) Kraftledningen må sjåast i samanheng med Dalsbotnfjellet Vindkraftverk. NVE sin konsesjon til Brosviksåta- og Dalsbotnfjellet var utfrå synergieffekten BEGGE prosjekt ilag kunne ha. Brosviksåta er trekkattende og dermed vil synergieffekten ein vektla i konsesjonen verte borte. Når no i tillegg,



kraftleidningen frå Dalsbotnfjellet til Frøyset er så kontroversiell og til stor ulempe for mellom anna turaktivitetar vil dette forverre situasjonen ytterligare. Ein vil seinare i fråsegnen liste opp tidlegare konsesjoner som NVE har innvilga i denne regionen og synleggjere summen av inngrep. Ja, det vert slått fast at NVE TIL NO ikkje har avslått noko søknader på halvøya der Gulen og Masfjorden ligg. Produksjonen av fornybar energi har «eta opp» (eller er i ferd med til å gjere det) det som er av urørt natur og for turlaget vil området som no omsøkjast vere indrefiletten som ofrast. Turlaget er sterkt imot at NVE går inn for konsesjon av omsøkte kraftleidning. Når det gjeld Masfjorden og friluftslivet der syner ein til Nordhordland turlag sin heimesida.  
<http://nordhordland.turistforeningen.no/>

### **Oppsummering inngrep halvøya Gulen - Masfjorden:**

*Vannkraft regulert i Gulen*

Kløyvtveitvatnet 39,2 GWh

Taklevatnet 5 GWh

6 elvekraftverk som har fått konsesjon i Gulen: produksjon ca 53 GWh

Masfjorden har pr idag fått konsesjon til 47,3 GWh

Til dags dato ingen avslåtte konsesjonsøknader endå i Gulen!

I Masfjorden er installasjonar med tilsammen ein produksjon av 23 GWh avslått, men.....alle sør for Masfjorden.....!

På halvøya Gulen Masfjorden mellom Sognefjorden og Masfjorden er det IKKJE sagt NEI til noko utbygging fram til idag.

Med tanke på summen av inngrep i denne regionen klemt mellom to fjordar må ein erkjenne at det ikkje kan verte verre.

Verre er at det er fleire søknader igen i søknadsmassen hjå NVE

I Gulen: produksjon 51 GWh,

I Masfjorden: produksjon 60,59 GWh

*Videre av micro-kraftverk, kun for Gulen:*

Ikkje konsesjonspliktig 4 GWh (er bygget)

Konsesjonspliktig 1 GWh ikkje bygget

Nevner også nokre konsesjoner som er innvilga i nabokommunane

*Store vasskraftutbyggingar:* Modalen som er nabo til Masfjorden 250 GWh + 25 GWh småkraft

Høyanger: Østerbø og Randalen 185 GWh + 25 GWh i småkraftverk på Høyanger sørsida.



*Vindkraft konsesjon* ikkje rettskraftig

Dalsbotnfjellet, 390 GWh

*Nett konsesjon* ikkje rettskraftig.

132kV kraftledning Dalsbotnfjellet via Brosviksåta til Frøyset

Av ureining ellers i distriktet:

**Sløvåg:**

*Steinbrot:* eit av nord Europas største steinknuseverket! Yeoman Halsvik as med luft og støy ureining

**Skipavika:**

*Steinbrot,* Skipavik næringspark.750.000 kbm stein ( midlertidig dispensasjon vedtak Gulen kommune14/9 2012 og 7/5 2013) med luft og støy ureining

*Mottak for boreslam frå oljeindustrien til forbrenning* og tilhøyrande deponi for aske. Luft ureining

*Mottak lågradioaktivt avfall* Sløvåg vert forseigla i ganger i fjellet.

*Komposteringsanlegg* Vekst Miljø Luft ureining.

**Mongstad :** *Europa sin nest største oljehavn* nett på kommunegrensen over fjorden. Norges største fastlands CO2 utslepp, med luft og støy ureining

Gulen og Masfjorden har store inngrep med stor påverknad for natur og miljø.

Lukt, lyd og linjer er med på å gjere friluftarealet lite attraktivt. NVE har nok begrensa ansvar for det som hittil er gjeve løyve til, men all aktivitet og bruk av areal påvirker naturen og bruk av naturen ikring. No er me ved grensen til minstemålet for kvalitet.

132kV høgspenning frå Dalsbotnfjellet til Frøyset og Dalsbotnfjellet vindkraftverk i området må sjåast i samanheng. NVE ga konsesjon (påklaga) til Brosviksåta og Dalsbotnfjellet med tilhøyrande kraftlinje til Frøyset. Grunngevinga var : synergieffekten. Brosviksåta prosjektet vart så trekk attende av søkjar SAE. Linjesøknaden er ikkje trekt tilbake og soleis aktuell for bygging. Synergieffekten er borte ved at Brosviksåta prosjektet er uaktuell. Ny kraftledning som omsøkt vil komme istadenfor den som har fått konsesjon.

Ny kraftledning med spenn over Austgulfjorden og via Kjelby og Myrdalen til Frøyset er eit prosjekt som vil krysse flott og for ein stor del urørt turterreng. Dette terrenget er det som vert brukt



av lokalbefolkningen til turer året rundt. Som terrengformasjonen syner eignar det seg svært godt til både skiturer og fotturer. Her er årleg stabile snøforhold om vinteren. Kraftleidningstraseen fylgjer omtrent traseen som i alle generasjonar har vore brukt til ferdsel via land frå Masfjorden til Gulen. Her var postveien ein gong i tida! Kløyvtveitutbygginga med Transdalsvatnet og Austgulvatnet er ein av dei seinare års nye store inngrep i dette området. Her er gjort inngrep som også har gått utover det verna vassdraget mot aust. Ein kraftlinje som omsøkt vil igjen berøre samme verna vassdraget. Noko som etter vernereglane skal unngåast. Planleggjaren har nok ikkje vore klar over dette, må ein tru! Konfliktnivået er stort og alle inngrep frå tidligare i nærområdet vil gjere det umogleg for turer i urørt natur. Eller -som her i industrikommunen Gulen kan vere aktuell- vekk frå lyd og lukt. Det er ikkje mange som bur i kommunen, men dei som bur her får ein lang reiseveg til like attraktiv turterreng, dersom kvaliteten lokalt vert redusert. Sogn og Fjordane Turlag, Ytre Sogn Turlag og Nordhordland turlag ber difor NVE å vurdere summen av inngrep i regionen i tillegg til adgang til friluftsareal av god kvalitet for innbyggjarane i Gulen, spesielt nøye. Me er innestengt mellom Sognefjorden i nord og Fensfjorden i sør og austover er det eit stykke kjøring for å nå opp i fjella. Ein vil også gjenta at NVE i sin konsesjon for Dalsbotnfjellet vindkraft såg synergieffekt med Brosviksåta vindkraft prosjektet, denne effekten er no vekke. Ny 132kV linje er til stor ulempe og dels gjennom området som er nedslagsfeltet til det verna Ynnesdalsvassdraget. Området er av lokalbefolkningen svært mykje brukt og -gjennom heile året- til turer. Me er ikkje mange som bur her men har trong for attraktive/inngrepsfrie friluftsareal for å gå nærturar i. Det er ikkje alternativ område med samme kvalitet innan rekkevidde.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet [rono@online.no](mailto:rono@online.no) ; Sogn og Fjordane Turlag  
<[sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)> signert

Nordhordland Turlag: [oyvorhl@gmail.com](mailto:oyvorhl@gmail.com) <[oyvorhl@gmail.com](mailto:oyvorhl@gmail.com)>

Barnas Turlag Masfjorden: [Torill@vestablikk.no](mailto:Torill@vestablikk.no)

Ytre Sogn Turlag v/ Wenche Midthun Ytre Sogn Turlag <[ytresognturlag@gmail.com](mailto:ytresognturlag@gmail.com)>; Wenche Midthun <[wewidth@hotmail.no](mailto:wewidth@hotmail.no)> signert

Bergen og Hordaland Turlag [lars@bergen-turlag.no](mailto:lars@bergen-turlag.no) <[lars@bergen-turlag.no](mailto:lars@bergen-turlag.no)> Helene Ødven  
<[Helene@bergen-turlag.no](mailto:Helene@bergen-turlag.no)> Nicolas Johan Ingebrigtsen Rodriguez <[nicolas@bergen-turlag.no](mailto:nicolas@bergen-turlag.no)>

